



John Ingvald Økland
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/7355 - 21/12245

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2021

Endringsløyve til etablering av VA-trase - gbnr 316/1 m.fl.

Administrativt vedtak: Saknr: 256/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Søknadstype: Søknad med ansvarsrettar etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 jf. § 20-3 vert søknad om endring mottatt 16.02.21, godkjent på følgjande vilkår:

- 1. Alver kommune føreset at reguleringsplanen sine krav til handsaming av terrenget rundt tiltaka vert fylgt opp.**
- 2. I området som er sett av til LNF-formål skal det tilbakeførast massar slik at arealet kan brukast i samsvar med LNF-formålet.**

Tiltak


Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til plassering av VA-leidning, jf. vedtak, datert 25.09.2019 og endringsvedtak, datert 12.05.20 og 03.11.20.

Endringa gjeld søknad om løyve til å forlenging av grunnarbeida og leidningsarbeider for VA-trase langs Håtufftvegen på gbnr 316/1, 316/6, 316/16 m.fl. Tiltaket er vist på vedlagt kart D1. Vass- og avløpsleidningar skal leggjast i borehol og er flytta frå fylkesvegen mot ungdomshuset.


Deler av omsøkt endring går utanfor reguleringsplan for KV1133 Myrvollane til Hestdal, planid: 125620180003, og inn i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland er definert som LNF-formål.

VA-trasen er flytta til å gå bak ungdomshuset og ikke langs fylkesvegen. Gravearbeidane vil utførast innanfor tomten til Grasdal Ungdomshus og avsluttas over 4 meter frå fylkesvegen (cirka 40 meter) fra fylkevegen. Ingen av anleggsarbeidene vedrørende boreholet vil råka fylkesvegen.

Tydlegare vart det godkjent følgjande plassering av vass- og avløpsleidningstraseen:



Nå er det søkt om følgjande plassering av vass- og avløpsleidningstraseen:



Det vert elles vist til søknad mottatt 16.02.21 og opplysningar mottatt 25.02.21 og 26.02.21.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.02.21 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå den dato.

Planstatus

Delar av omsøkt endring og utviding av grunnarbeida og leidningsarbeider er omfatta av Reguleringsplan for KV1133 Myrvollane til Hestdal, planid: 125620180003. Formålet med planen er å legge til rette for oppføring av vassbehandlingsanlegg og tilhøyrande infrastruktur.


Planføresegn § 1.7 legg til grunn at det kan tillast plassering av kablar, leidningsnett og VA-anlegg i grunnen for heile planområdet.

Resterande del ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland er definert som LNF-formål.


Vidare ligg deler av omsøkt endring innanfor sikringssona for Rylandsvassdraget, H190_1. Her gjeld verneplanen for Rylandsvassdraget, jf. føresegn 4.1.1 i kommunedelplan for Meland.

Kommunen legg til grunn at utviding av grunnarbeida og leidningsarbeider i forbindelse med plassering av VA-leidning ikkje er i strid med kommunedelplanen for Meland eller verneplan for Rylandsvassdraget.

Kartutsnitt av deler av regulert område der det er søkt om endring av gitt løyve:



Kart utsnitt av omsøkt område der kommunedelplan for Meland er gjeldande. Regulert område er markert med grått, LNF er vist som grønt i kartet:



Dispensasjon og uttale frå anna styresmakt

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå byggjegrænse frå fylkesveg, jf. Veglova. Uttale frå fylkeskommune ligg føre datert 26.02.21.

Kommunen legg til grunn at omsøkt endring ikkje krev dispensasjon frå planføremål, under føresetnad av at terrenget vert tilbakeført til eksisterande situasjon.

Kommunen har likevel henta inn uttale frå landbruksavdelinga ettersom ein del av omsøkt endring ligg som LNF-område i kommunedelplanen for Meland. I e-post datert 03.11.2020 opplyste landbruksavdelinga at omsøkt endring ikkje vil få konsekvensar for landbruket som vert drive veldig ekstensivt i området. Det er ikkje registrert noko jordbruksareal i eller langs traseen og arealet er i hovudsak produktiv skog. Vilkåra som er foreslått tidlegare i endringsløyve av 12.05.20 og endringsløyve av 03.11.20 er dekkande.

Nabovarsel

Omsøkt endring er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Det kjem ingen merknad i saka.

Plassering

Omsøkt endring er vist i situasjonsplan, datert 26.01.21, motteken 16.02.21.

Terrenghandsaming

Alver kommune føreset at massar blir tilbakeført slik at arealet kan brukast i samsvar med LNF-formålet.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Det vil bli sett vilkår om tilbakeføring av massar slik at arealet kan brukast i samsvar med LNF-formålet.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Krav til avfallsplan følgjer av TEK § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/7355.

Ansvar

Ansvarleg søkjar, Norconsult AS (org.nr. 962 392 687), har bekrefta i søknad at heile tiltaket vil bli belagt med ansvar, slik at alle krav etter plan- og bygningslova blir fylgt. Kommunen legg dette til grunn, jf. pbl § 23-4.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg D -vannavløpsledninger - Grasdal ungdomshus

Kopi til:

| | | | |
|---------------|------------|------|----------|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
|---------------|------------|------|----------|

Mottakarar:

| | | | |
|---------------------|--------------------------|------|--------|
| John Ingvald Økland | Postboks 1199 Sentrum | 5811 | BERGEN |
|---------------------|--------------------------|------|--------|